

MAL FOR PERIODISK EMNERAPPORT

ENG4451 Virginia Woolf

1. Beskrivelse av og kommentarer til eventuelle avvik fra og endringer i emnebeskrivelsen

*Med avvik menes forandringer gjennomført etter undervisningsstart pga uforutsette omstendigheter.
Med endringer menes forandringer som er gjennomført og annonsert før undervisningsstart.*

Dette 4000-emnet om Virginia Woolfs forfatterskap var spesielt i den forstand at det var uvanleg mange påmelde studentar. Sidan vi pga. få lærarar dessverre kan tilby altfor få emne på 4000-nivå, ba Per Winther meg om å ta inn alle kvalifiserte søkjarane til kurset.

Kurset gjekk over 12 dobbelttimar, og alle timane blei gjennomførte etter annonsert plan.

2. Kommentarer til kvantitative gjennomføringsdata på emnet (karakterer, stryk, frafall)

Gjennomføringsdata fremskaffes av studieadministrasjonen ved hjelp av FS-rapport 754.001. For emner med mer enn 10 studenter anbefales det at karaktergivning og stryk kommenteres i forhold til gjennomsnittet på faget og fakultetet. Når et emne har vært undervist to eller flere ganger siden forrige periodiske evaluering, kommenteres også signifikante endringer i løpet av rapporteringsperioden.

Alle studentane som tok kurset, tok eksamen i det, og alle sto. Mange av eksamenssvara (i form av “term paper”) var gode, slik at karaktersnittet var godt over gjennomsnittet på 4000-emne ved fakultetet. Eg har undervist dette kurset ein gong før, og då også blei studentane uvanleg engasjerte av, og interessert i, Woolfs suverene skrivekunst og dei viktige – og stadig aktuelle – spørsmåla ho undersøker i ulike genrer.

Sidan “term paper” var einaste var evalueringsgrunnlaget for dette emnet, og sidan munnleg presentasjon og deltaking i diskusjonen var ein viktig del av kurset, presenterte alle studentane munnleg eit “exercise paper” som læraren kommenterte (både munnleg og skriftleg), og som i dei fleste tilfelle danna grunnlaget for det lengre og meir gjennomarbeidde “term paper”. Sidan kurset hadde så mange studentar, var ein uunngåeleg konsekvens at tida for tradisjonell undervisning av lærar måtte reduserast. Dette blei kompensert for gjennom utdeling av skriftleg materiale (også relevante artiklar skrivne av læraren) og gjennom munnlege og skriftlege kommentarar til studentanes øvingsoppgåver.

3. Er det indikasjoner/eksempler på særlig god kvalitet? Hvordan er de fulgt opp?

Her beskrives spesielt vellykkede grep i organiseringen av opptak, undervisning og prøving som andre kan ha nytte av.

I kurset inngjekk ei vellykka gjesteforelesing ved den internasjonalt leiande Woolf-forskaren Susan Sellars, professor i engelsk litteratur ved University of St Andrews. Sellars møtte også

studentane, svarte på spørsmål og kommenterte idéane og arbeida til fleire av dei. Studentane ga uttrykk for at dei opplevde dette som fagleg inspirerende.

Eit av seminara var etter invitasjon heime hos læraren, og blei kombinert med eit måltid/sosialt samver og filmvising (med påfølgande diskusjon) av Sally Potters filmadaptasjon av Woolfs *Orlando*.

4. Er det indikasjoner på sviktende kvalitet? Hvordan er de fulgt opp?

Her beskrives ev. mindre vellykkede grep i organisering av opptak, undervisning og prøving som andre kan ha nytte av å kjenne til

Emnet fekk tildelt eit vanskeleg tidpunkt (kl 8 om morgonen) og eit lite eigna seminarrom i Veglaboratoriet. Av denne grunnen blei eit par av seminara avvikla andre stader og på andre tidspunkt. Dette sette mange studentar pris på, medan nokre ikkje likte det sidan alternative tidspunkt kolliderte med andre avtaler.

5. Hva er det fokusert på i denne perioden mht utvikling av studiekvalitet?

Her beskrives oppfølging av forbedringstiltak fra forrige periodiske evaluering og ev. andre relevante tiltak i årsplaner og lignende fra institutt og fakultet.

Kurset fokuserte på å aktivere studentane gjennom spørsmål, kommentarer og sjølvstendige bidrag.

6. Forslag til tiltak for å forbedre emnet

Hva er det viktig å fokusere på i fremtiden for å forbedre kvaliteten på emnet i lys av beskrivelsene ovenfor?

Deltakartalet var truleg litt for høgt i forhold til opplegget med aktiv studentdeltaking. Ei halvparten så stor gruppe er ideell for eit 4000-kurs. På den andre sida fekk alle som søkte, tatt eit emne om ein av våre aller største forfattarar.

Jakob Lothe